
Saksnr: 2020/36671-8
Saksbehandlar: Eva Margaretha Ørmen
Vinjevoll

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.09.2020
Fylkesutvalet		17.09.2020

Planprogram til Regional transportplan 2022 - 2033 - Vedtak

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek med dette planprogrammet for Regional transportplan Vestland 2022 – 2033 slik det er vedlagt.

Samandrag

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om godkjenning av planprogram for Regional transportplan Vestland 2022 – 2033.

Planprogrammet har vore ute på høyring, og det kom inn i alt 39 innspel innan fristen. Etter høyringa er det gjort nokre endringar i planprogrammet, endringane er presentert i saksframlegget.

Oppsummering av høyringsinnspela og svar er vedlagt i vedlegg 2.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Planprogram til Regional transportplan Vestland 2022 - 2033
- 2 Høyringsinnspel

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I PS 22/2019 vedtok Fylkesutvalet for Vestland at arbeidet med Regional transportplan skulle starte opp parallelt med planstrategien. Det vart lagt til grunn at planstrategien vert vedteken før regional transportplan slik at føringar i planstrategien vert lagt til grunn for planen.

I PS 105/2020 vedtok Fylkesutvalet for Vestland at planprogrammet skulle sendast ut på høyring. Høyringsfristen er no passert og det kom i alt inn 39 høyringsinnspel til planen. Desse er vurdert, og det er gjort nokre endringar i planprogrammet før det no leggest fram for endeleg vedtak.

Dei viktigaste endringane i planprogrammet er

- «Viktige vegar for næringslivet» er lagt til som eige tema i planprogrammet
- «Meir veg for pengane» er lagt til som eige tema i planprogrammet
- «Massehandtering» er lagt til som eige tema i planprogrammet
- «Kollektivtransport på sjø» er lagt til som eige tema i planprogrammet

Under alle dei nye tema er det lagt til utgreiingspunkt. I tillegg er det framheva at satsinga på regionsenter vil bli ivaretatt i arbeidet med Regional transportplan.

Under punktet «Fly» er det lagt til at RTP skal gjere greie for korleis fylkeskommunen kan stimulere til ny teknologi i bransjen.

Vedtakskompetanse

I følge plan- og bygningslova skal regional styresmakt vedta planprogram for regionale planar. Delegeringsreglementet vårt gjev vedtaksfullmakt til fylkesutvalet: *41. Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008 nr. 71 § 4-1: Fylkesutvalet har mynde til å vedta planprogram for regionale planar.* Saka vert difor lagt fram for fylkesutvalet for endeleg vedtak.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Planprogrammet framhevar problemstillingar som miljøvenlege transportformer, og ny miljøvenleg teknologi

Folkehelse: Eit strategidokument for samferdselssektoren skal omtale korleis vi skal ivareta mobiliteten til innbyggjarane, næringslivet og besøkande, som igjen skal sikre deltaking i samfunnet.

Regional planstrategi: Planprogrammet legg opp til at RTP skal bygge på dei mål og strategiar som er vedteke i arbeidet med regional planstrategi.

Konklusjon

Fylkesrådmannen ser planarbeidet som eit viktig strategisk grep for å sameine målsetjingane innanfor samferdselsfeltet i Vestland fylke. Fylkesrådmannen er trygg på at planprogrammet legg dei rette rammene for å få ein god Regional transportplan, og at planprogrammet skildrar godt dei utfordringane vi står ovanfor.

Det er ulike utfordringar i ulike delar av fylket, anten det er knytt til ras og stengde vegar, kapasitetsutfordringar eller effektivt framkome for innbyggjarar og næringsliv. Utfordringane må sjåast på i eit heilskapsperspektiv, og regional transportplan må legge føringar for korleis vi kan sikre viktige interesser samstundes som økonomisituasjonen er stram. God ressursfordeling er difor eit nøkkelord.